

# Sorteringsguide for hushald

Velkommen som kunde hjå NGIR

Revidert 2016



## Henteordning - når bosset vert henta heime hjå deg

Alle hushald i NGIR-regionen får utlevert ein dunk for restavfall, ein for papir og papp, og sekkar til plastemballasje. Matavfallet kan anten leverast i dunk eller komposterast heime.

Matavfall vert henta kvar veke, medan papir og papp, plastemballasje og restavfall, vert henta annan-kvar veke.

Dunkane/plastsekken må vera sett ut til bosstoppet innan kl. 07.00 på hentedagen. La dunken stå ved vegen til han er tømt. Hentetidspunktet kan variera. Det er viktig at du set ut rett dunk på rett dag. Grunnen er at avfall som kan gjenvinnast må haldast atskilt frå restavfallet. Bossbilane har eigne kammer for matavfall.

## Bringeordningar - når du leverer bosset til mottak

I tillegg til konteinrar for glas- og metallemballasje har NGIR fire gjenvinningsstasjonar i regionen. For dei som har lang veg til næraste stasjon, er det vår- og haustrydderuter eller mellombelse avfallsmottak to gonger i året for levering av grovavfall, samt henterute for farleg avfall ein gong i året. Du finn informasjon om ordningane på [www.ngir.no](http://www.ngir.no).



Gjenbruk og gjenvinning sparar naturressursar og energi.



[www.linkedin.com/company/ngir](http://www.linkedin.com/company/ngir)



[www.facebook.com/ngirrenovasjon](http://www.facebook.com/ngirrenovasjon)



56 34 33 10 - [ngir@ngir.no](mailto:ngir@ngir.no) - [www.ngir.no](http://www.ngir.no)

Foto: Margrethe Myhrer

# Papir, papp & drikkekartong

(Dunk med blått lok)



**Visste du?** Kvar dag vert det brukt om lag 2 millionar drikkekartongar i Noreg.

Kjelde: Grønt Punkt

## JA TAKK!

Alt papir og papp, som til dømes avisopapir, vekeblad, skrivepapir, brosjyrer, pizzaøskjer, bølgjepapp og liknande, skal kastast i dunken med blått lok.

## NEI TAKK!

Gjennomfarga papir med lim, som konvoluttar og post-it lappar, serviettar, gåvepapir og liknande er restavfall og skal kastast i dunken med grått lok. Det same gjeld tilgrisa papir. Hugs at innhaldet i den blå dunken vert sortert for hand i Kjevikdalen.



Alle typar drikkekartong kan gjenvinnast. Skrukorken kan stå på, men hugs å skylja og tørka drikkekartongen. Brett seks og stapp i den sjuande. Legg kartongkubbane rett i dunken. Hugs å skriva på namn og telefonnummer dersom du vil delta i returkartonglotteriet!

# Plast i eigen sekk



**Visste du?** Ein kilo gjenvunnen plast sparar to kilo råolje.

## JA TAKK!

Plastemballasje inkluderer all emballasje av plast som har vore brukt til mat, drikke, vaskemiddel og liknande. Døme er påleggsposar- og øskjer, kaffiposar, chipsposar, rømmebeger, yoghurtbeger, flasker til ketchup, zalo og shampo.

## NEI TAKK!

Anna avfall av plast, som til dømes kjøkkenutstyr, øydelagde hagemøblar, akebrett og leikar av plast, skal kastast som restavfall. Heller ikkje svært tilgrisa emballasje kan leverast.

Set sekken fram på hentedag for papp og papir. Levér ikkje halvfull sekk. Det er viktig at sekken vert godt knytt att.



## Treng du nye plastsekkar?

Legg ei avis i ein bærese av plast, og legg denne synleg under loket på ein av bossdunkane, så vil sjåføren leggja ein rull med plastsekkar i posen.



# Matavfall

(Dunk med brunt lok)



**Visste du?** Kvar nordmann kastar i gjennomsnitt 51,1 kg mat per år.  
Kjelde: Østlandsforskning

## JA TAKK!

Matavfall som fisk, kjøt, frukt, eggeskal, brød og liknande, kaffigrut/filter og teposar, kjøkkenpapir og eggekartong.

Matavfallet kan du anten kompostera sjølv, eller levera i bioposar i dunken med brunt lok. Treng du biobøtte og -posar, får du dette på ein av gjenvinningsstasjonane. Du finn meir informasjon om kompostering og gratis lån av kompostbinge på nettsidene våre, [www.ngir.no](http://www.ngir.no).



## Treng du nye bioposar?

Ved å hengja ut ein tom bærepose av plast på ein bossdunk, vil du få utlevert ein rull med bioposar til matavfall.



# Restavfall

(Dunk med grått lok)



**Visste du?** Du kan levera brukbare ting til gjenbruk på gjenvinningsstasjonane.


## JA TAKK!

Etter å ha sortert ut det avfallet som kan gjennvinnast, sit du att med restavfallet. Døme på restavfall er bleier, sanitetsbind, øydelagde leikar, oske, støvsugarposar, kattesand, utslitne klede og sko, serviettar, gåvepapir og band, emballasje som er samansett av ulike materiale, tilgrisa papir, papp og plastemballasje. Pakk restavfallet i ein bærepose eller ein annan sekk som du knyt att. Posen legg du i dunken. Unngå å kasta boss direkte i dunken, då dette grisar til og gjer at avfallet lettare frys fast i dunken om vinteren.

## NEI TAKK!

Kast aldri miljøfarleg avfall eller elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall) i restavfallet. Matavfall, papir, papp, drikkekartong, plastemballasje, glas- og metallemballasje skal heller ikkje i restavfallet.

Hushald med lite avfall kan inngå avtale om sjeldan tømning av restavfall, noko som gjev reduksjon i renovasjonsgebyret. Det er og høve til å leiga større dunk for hushald med mykje avfall. For meir informasjon sjå [www.ngir.no](http://www.ngir.no), eller ta kontakt på telefon.



## Glas- og metallemballasje

NGIR har konteinrar for innsamling av glas- og metallemballasje på over 50 stader rundt om i kommunane, ofte ved daglegvareforretningar. Sjå kart på [www.ngir.no](http://www.ngir.no) eller kontakt NGIR.

### JA TAKK

Glas- og metallemballasje frå mat og drikkevarer, som flasker, syltetøyglas, hermetikkboksar, aluminiumsfolie, -beger og -beholdarar.

### NEI TAKK

Steintøy, eldfaste former, keramikk, porselen, krystall, knuste glasruter og liknande.

## Farleg avfall

Farleg avfall er avfall som kan forureine eller gjera skade på menneske og dyr. Avfallet skal handsamast på ein forsvarleg måte for å unngå skade. Farleg avfall leverer du på ein av våre gjenvinningsstasjonar, eller til eigen innsamlingsrute. Då vert det teke hand om slik at helse- og miljøskadelege stoff ikkje forsøplar naturen.

### Døme på farleg avfall er:

- Måling, lim og løysemiddel
- Olje og oljefilter
- Kjemikaliar og plantevernmiddel
- Sprayboksar, batteri, lysstoffrøyr og lyspærer
- Tungmetall som amalgam, bly, kadmium, kopar og kvikksølv
- PCB, asbest og eternit

## Grovavfall

Grovavfall/større ting som ikkje går i dunkane, kan leverast til gjenvinningsstasjonane, eller på vår- og haustryddinga for dei som har lang veg til næraste stasjon. Datoane for vår- og haustryddinga finn du på [www.ngir.no](http://www.ngir.no). Datoane vert og annonsert i lokalavisene og NGIR-nytt.

Gjenvinningsstasjonane kan nyttast til å levera avfall som metall, trevirke, klede, isolerglas, møblar, hageavfall, elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall kan og leverast til forhandlar). I tillegg har kvar gjenvinningsstasjon mottak for miljøfarleg avfall og for glas- og metallemballasje. Du må sjølv sortera avfallet i rett konteinrar på gjenvinningsstasjonen.

## Opningstider gjenvinningsstasjonar

<b>LINDÅS</b>	Kjevikdalen NGIR Tlf: 56 35 33 10	Måndag-onsdag: Torsdag: Fredag: Laurdag:	08.00-15.30 08.00-19.00 Stengd 09.00-15.00
<b>AUSTRHEIM</b>	Litlås Litlås Industriområde	Måndag: Laurdag:	13.00-19.00 09.00-15.00
<b>RADØY</b>	Manger Solendmyra	Tysdag: Laurdag:	13.00-19.00 09.00-15.00
<b>MELAND</b>	Mjåtveit Mjåtveit næringspark	Onsdag Laurdag	13.00-19.00 09.00-15.00



[ngir.no](http://ngir.no)



56 34 33 10 - [ngir@ngir.no](mailto:ngir@ngir.no) - [www.ngir.no](http://www.ngir.no)